

HANGOREN

LAGSBLAD FOR VOSS UTFERDSLAG OG VOSS IDROETTSLAG

DESEMBER 2023



På veg til Vossaskavlen. Foto: Øystein Røen



INNHOLD

- 6** Helsingar – Voss Idrettslag
- 7** Helsingar – Voss Utferdslag
- 10** Voss Utferdslag – Frå A til Å
- 16** Nansenbu er ferdig etter stor utbetring
- 20** Astrid Såkvitne
- 23** Ei hyllest til dei friviljuge i Voss Utferdslag
- 25** Friidrottsgruppa
- 26** Orienteringsgruppa 75 år: 1948–2023
- 30** Alpingruppa
- 34** Nordisk sesongen 22/23
- 36** Kjempefin tur til Holmenkollen
- 38** Tennisgruppa med nytt tilbod!
- 39** Voss IL – Volleyball

Mot Torvedalshytta. Foto: Andre Marton Pedersen

LAGSBLAD FOR VOSS UTFERDSLAG OG VOSS IDROTTSLAG, STYRET I VIL OG VU.

VOSS IDROTTSLAG HOVEDSTYRET 2023

| | |
|---------------------|----------------------|
| Leiar | Tore Tvilde |
| Nestleiar | Torgils Bryn |
| Skrivar | Tor Halvorsen |
| Kasserar | Anne Maria Langeland |
| Dagleg leiar | Helge Andersen |

GRUPPELEIARAR

| | |
|---------------------|------------------------|
| Symjing | Thor Morten Trå |
| Nordisk | Arnstein Ringheim |
| Alpint | Asbjørn Skorpen |
| Tennis | Per Loven |
| Orientering | Tone Handegård |
| Turn | Hanna Pettersson |
| Idrettskulen | Tore Tvilde |
| Friidrett | Tore Tvilde |
| Basketball | Stian Lien |
| Randonee | Damir Kovac |
| Volleyball | Lars Erik Skjervheim |
| | Sjur Stråteit Gravning |
| | Kristina Finne |

VOSS UTFERDSLAG, STYREMEDLEMMER

| |
|-------------------|
| Styreleiar |
| Ingebjørg Winjum |

| |
|-----------------------|
| Styremedlemmer |
| Ragnar Karevoll |
| Rigmor Onarheim |
| Knut Bryn |
| Jorun Sivertsen |
| Nina Fischer |
| Jon Herman Rivenes |

REDAKSJONEN I «HANGOREN»

| |
|---------------------------|
| Ansvarleg redaktør |
| Margrethe Alm |

| |
|------------------------|
| Jon Aske |
| Helga Nygaard Øverland |
| Kari Johanne Soldal |
| Richard Jacobsen |
| Rune Herheim |

Me ynskjer alle våre lesarar
ei god jul og eit godt nytt år!
Takk til annonsørane våre for god støtte.

Redaksjonen

Vil du verta medlem?

Du kan melda deg inn
ved å gå inn på nettsida vår:
www.vossutferdsdag.no



Kan du tenkja deg å verta
medlem i Voss Idrettslag?
Gå inn på heimesida
www.vossil.no



Hageland

Besøk oss:
Brynamoen 12 - 5705 Voss
Tlf. 91 78 04 18 - Epost: rykke@hageland.no

Åpningstider:
Man-fre 09-20
Laur 9-18 og Sun 12-18

Vil du bli turleiari i Voss Utferdsdag?

Ynskjer du å heva kompetansen din og vera med å leia aktivitetar og turar, er du hjarteleg velkommen hjå oss.

Ope informasjonsmøte

25. januar 2024 inviterer me til ope invitasjonsmøte om kursa me skal halda komande år og kva du kan læra om tur, natur og gruppeleiing.

Kurs på Voss i 2024

| | | |
|---------------------|-----------------------------|----------|
| 25. - 26. mai | Grunnleggjande turleiarkurs | 15 timer |
| 8. - 9. juni | Grunnleggjande turleiarkurs | 15 timer |
| 27. - 29. september | Sommarturleiarkurs | 5 dagar |
| 15. - 17. mars | Fyrstehjelpskurs | 15 timer |

Fleire kursdatoar kjem



Voss Utferdsdag



Har du spørsmål, kontakt gjerne June Jansson:
june.jansson@dnt.no / www.vossutferdsdag.no

Helsing frå VOSS IDROTTSLAG

Voss IL er det største og eldste idrettslaget på Voss med vel 1150 medlemer. Me er eit fleiridrettslag med ti aktive grupper. I bladet kan du lesa om mangfaldet av aktivitetar i laget - om idrettsskulen for dei yngste, om breidde- og toppidrett både sommar og vinter og om trim til langt opp i pensjonsalderen. Hovudstyret har ei viktig oppgåve med å fremja saker av felles interesser for gruppene, vera eit talerøyr for laget og samordna arbeidet med å gjennomføra handlingsplanen vår.

Kva me ynskjer å tilby

Me ynskjer å tilby trivsel, treningsglede og eit godt sosialt miljø - og slik motivera deg til å ta del i idrettslege aktivitetar anten det er på breidde- eller toppnivå. Nye medlemer er hjarteleg velkomne, og betalt medlemskontingent gjeld for alle gruppene. Det er kjekt om òg foreldra melder seg inn i laget og engasjerer seg i arbeidet vårt. På heimesida, www.vossil.no, kan du lesa meir om laget og tilboda i dei ulike gruppene. Me gler oss over breiddeaktiviteten i laget og over gode resultat på nasjonalt nivå - både av vinter- og sommarutvarar.

Nytt idrettshus med lagsrom og kontor

For seks år sidan vart idrettshuset med lagsrom og kafé rive for å kunna byggja Vossababet. I fem år har me, saman med FBK Voss, arbeidd for å finansiera ein ny samlingsstad. Etter at eit einstemmig ekstraordinært årsmøte gav støtte til byggeplanane hausten 2022 kom byggearbeidet raskt i gang. Bygget har ein kafé- og ein kontordel. Kaféen vart opna i juni, og kontordelen var klar til



innflytting 1. oktober. Her har Voss IL eit lagsrom på 30 kvm og eit kontor. Den 21. oktober vart bygget offisielt opna med snorklypping og innbodne gjester.

Dagleg leiar

Hovudstyret har dei siste åra sett eit større og større behov for å tilsetja ein dagleg leiar som i tillegg til reint administrativt arbeid kan hjelpe til med å utvikla laget/ gruppene idrettsleg. Med god starthjelp av Voss Sparebank kunne me i haust tilsetja Helge Andersen i 60 % stilling.

Idrettsanlegg

Laget er engasjert i vedlikehald og utbygging av fleire idrettsanlegg i heradet, og Voss har no i Bavallen og Voss Ski og Tursenter skianlegg som er mellom dei beste i landet. Her gjer medlemmene våre ein stor dagnadsinnsats med å utvikla anlegga. Elles samarbeider laget med Voss skiskyttarlag om vedlikehald av Bømoløypa - ei løype som er viktig både til trening, mosjon og rekreasjon.

Styret i hovudlaget takkar dei aktive idrettsutøvarane, trenarane, tillitsvalde og dyktige funksjonærar for stor innsats i året som har gått. Takk til sponsorane våre og ein stor takk til hovudsponsoren Voss Sparebank, både for økonomisk støtte til arrangement utover året, for den flotte gáva til nytt idrettshus og for hjelp med å tilsetja ein dagleg leiar.

Me ynskjer dykk alle ei god jol og eit godt nytt og aktivt idrettsår.

Tore Twilde

Leiar

Bt BYGG *target*
MARTIN LID TRELAST AS
5705 VOSS

- Brynalii 40, 5705 Voss - tlf. 56 51 12 39 - post@martinlid.no - www.martinlid.no -

Helsing frå **VOSS UTFERDSLAG**

Voss Utferdslag fylte 90 år i 2023. Dette må reknast som ein respektabel alder og måtte sjølv sagt markerast. Det var naturleg å gjera dette i samband med det største enkeltarrangementet i laget, Vossamarsjen. Markeringa vart halden på fyrste sjekkpunkt, Torfinnsheim, med vaflar, kake, saft, kaffi og trekspelmusikk.

Vossamarsjen, som hadde rekordstor deltaking i år, var utvida med Minmarsjen for born, og fjellspringing over høgfjellsplatået for sprekingar. Ut frå tal deltakarar ser òg desse arrangementa ut til å verta særskilte populære.

Endeleg, på seinsommaren kunne Voss Utferdslag presentera ei trygg og betre hytta på Nansenbu! Det har vore ein krunglete og arbeidskrevjande veg dit, og det var lenge uvisst om hytta kunne sikrast der ho står. Men med erfarte og flinke fagfolk, midlar frå Paul Christian Rieber, og ein hardtarbeidande og målretta dagleg leiar, kom ein i mål. Hytta har fått nytt inngangsparti og ein utedo med vedhus som ikkje vil verta «borte» etter fyrste snøfall.

I haust starta laget eit prosjekt som inneber utarbeidning av plan og tiltak for tryggleik for all aktivitet laget driv. Arbeidet er knytt opp til DNT sin handlingsplan for tryggleik, og er eit arbeid som går føre seg i heile DNT-organisasjonen. I samband med

prosjektet skal det òg lagast ein strategi for rekruttering og arrangerast turleiarkurs.

Dei friviljuge har som vanleg lagt ned eit stort arbeid i Voss Utferdslag. Dei organiserer turar og aktivitetar, tek ansvar for rydding og merking av stiar og held hyttene i stand. I tillegg er laget i gang med ei litt meir omfattande

oppgradering av hyttene. Alt det friviljuge arbeidet vert gjort for at turgåarar skal koma trygt fram til trivelege hytter eller til andre spanande turmål i fjellet.

Me vil med dette retta ei stor takk til dei friviljuge i Voss Utferdslag for all dugnadsinnsats og engasjement gjennom året. Ei stor takk til sponsorane våre som støttar oss med viktige bidrag til aktivitetar og arrangement. Og takk til alle dei, medlemer og andre, som deltek på turane og aktivitetane våre.

Ei god jul til kvar og ein, og alt godt i det nye året!

For styret
Ingebjørg Winjum



jERNIA  *Rokne*

Jernvare / Maskin / Kjøkkenutstyr

Tlf.: 56 52 07 80, 5700 Voss, E-post: rokne@jernia.no



TAKK

for at du vel
grøn kraft frå
Voss Energi
**eit val som
kjem bygda
tilgode!**

Me heiatar fram
frivillige lag og
organisasjonar



Voss Energi

Lokal kraft. Fornybar framtid.

A photograph showing two young children in a red rafting boat. They are wearing orange life jackets and yellow helmets. One child is holding a blue paddle. The boat has the letters "NRS" on its side.

Sesongstart

11. mai
2024



**Active
adventures
for everyone!**

 **vossACTIVE**

+47 56 51 05 25 | vossactive.no

Voss Utferdsdag

FRÅ A TIL Å



Silkeføre frå Målsete til Stalheim. Foto: Øystein Røen



Kom deg ut-dagen! Foto: Frøydis Ormåsen Heradstveit



Dobbeldo på Volahytta.

A Ille er velkomne! Voss Utferdsdag har medlemmer i alderen 0-93 år og målet vårt er å leggja til rette for gode tur- og naturopplevelser for alle aldersgrupper.

B orna sitt Turlag skipar til aktivitetar og arrangement for familiær med born i alderen 0-12 år. Frileik, skileik, sykling, refleksturar, natt i naturen, kom deg ut-dagar og mykje meir står på programmet her.

C hihuahuaen din kan du ta med deg på dei fleste hyttene våre. Me har hundebur på fleire av sikringshyttene

D NT. Voss Utferdsdag er ein medlemsorganisasjon i DNT. Er du medlem i Voss Utferdsdag er du også medlem i DNT og får alle medlemsfordelane over heile landet. Det er mange ulike grunnar til å bli medlem i Voss Utferdsdag og DNT. Nokon vil rett og slett støtta arbeidet me gjer med merking og rydding av stiar, nokre nyttar seg av rabatterte prisar på 550 hytter kringom i landet og andre nyttar seg av medlemsfordelane for aktivitetar, kurs og arrangement.

E ldsjeler. Voss Utferdsdag er tufta på dugnadsinnsats frå over 100 friviljuge eldsjeler. Kvart år vert det lagt ned over 7000 dugnadstimar i laget, til stor glede for oss alle.

F riluftsliv. Laget har som føremål å arbeida for eit friskt og sunt friluftsliv.

G røn november. Voss Herad arrangerer grøn november med mange organisasjonar og verksemder på Voss. Gjenbruk, å laga ting sjølv og å reparera er ein del av løysinga på klima- og naturkrisa.



Foto: Kjerstin Sveen Heggebø



Kvisting til Kaldavasshytta. Foto: Sveinung Klyve



Torvedalshytta. Foto: Andrè Marton Pedersen



God stemning på Vossamarsjen



Fredrik Fjose i farta under Vossamarsjen! Foto: Margrethe Alm

Hytter med sær preg. Voss Utferdsdag eig og driftar sju flotte hytter som er opne heile året: Kaldavasshytta, Grindaflethytta, Nansenbu, Torfinnsheim, Torvedalshytta, Volahytta og Tvinnestølen.

Ingenting er som å tre inn i ei av hyttene våre etter ein lang dag i fjellet. Av med våte sokkar, på med turre klede, fyra i omnen. Finna skattane som gøymer seg på proviantlageret og loyprisa turrrmaten som på magisk vis smakar betre enn ein Michelin-rett. Leita fram ein ufullstendig kortstokk som oppmodar til kreative løysingar. Drøs rundt bordet, godteri i skåla, trøytt i kroppen og ro i sjela.

Jubileumsår. I 2023 var det 90 år sidan Voss Utferdsdag vart stifta og dette markerte me i samband med Vossamarsjen, 19. august. Me hadde rekorddeltaking med 180 som gjekk over Gråsida, 45 som sprang og 105 små og store som var med på Minimarsjen. Me gler oss allereie til august 2024!

Kirkens Bymisjon er ein av mange flotte organisasjoner som me samarbeider med. Me diggar Skattkammeret og vonar mange nyttar seg av dette fantastiske tilbodet.

Lyst på ny kunnskap? Me har ulike kurs gjennom heile året. I 2023 var kurs i kart og kompass ein populær aktivitet, noko me vil halda fram med i åra som kjem.



Opptur. Foto: Geir Henrik Styve



Varding til Kaldavasshytta. Foto: Lisa Marie Breistein Sølberg

Me har ei aktiv og engasjert seniorgruppe i laget. Dei har eit mangfold av turar på programmet gjennom heile året. Gruppa har som føremål å fremje interessa for friluftsliv og mosjon hjå eldre og pensjonistar ved å leggja til rette for fellesturar i kvardagar. Alle er velkommen!

Naturen gjev oss ro og naturen gjev oss energi. Laget skal arbeida for å verna om naturen slik at komande generasjonar kan oppleva urørt natur.

Opptur er eit årleg arrangement for 8-klassingar i Voss herad. I år tok me dette klassetrinnet med på tur i Storåsen frå Gudleikstreet til Tvilde. Me vil retta ein stor takk til Voss Sparebank, Voss Energi, Voss Veksel og Landmandsbank og Sparebanken Vest som har støttet dette arrangementet.

Protokollen på hyttene skal du skriva deg inn i, mest av alt for din eigen tryggleik. Dersom det vert leiteaksjon og du har skriva deg inn i protokollen, veit me kvar siste oppholdsstad var og kvar du er på veg.

Quiz er alltid kjekt på hyttetur!

Raud er fargen vår. Voss Utferdsdag har ein vardekomité som merker over 400 km stiar med den rauda, trygge T'en.



Kurs i kart og kompass. Foto: Øystein Ormåsen



Bamsefest på Lyklastet. Foto: Tanya Sangolt



Me elskar Voss! Foto: Øystein Røen

Stølsturane er populære! I 2024 har me tiårs-jubileum og me planlegg ei kjekk markering av at me har hatt dette flotte og viktige lågterskeltilbodet i ti samanhengande år.

Turbo er den kule maskoten til Borna sitt Turlag. Han kjem ofte innom arrangementa våre!

Ungdommar vil me ha fleire av! De er framtida og me ynskjer å få i gang att aktiviteten i DNT Ung.

Verda er vid, men Voss er vidare. Me elskar Voss.

WC gongar to. Det er ikkje mange plassar du kan sitja ved sida av syster eller bror din på ein dobbeltdø, slik som på Volahytta.

Xantofyll finn du i mange fjellblomar. Dei fleste gule fargar hjå blomar og frukt kjem frå xantofyll. Ta med deg ei bok om fjellblomar på neste fjelltur!



Turbo er ein populær kar! Foto: Frøydis Ormåsen Heradstveit

Yatzy! Ingenting er som eit godt slag yatzy. Satsar du på flaks eller matematikk?

Zen-livet får du til fjells!

Aresmedlem er den mest høgthengjande pristildelinga frå DNT. Dette vert tildelt personar som i framifrå grad har arbeida til gagns for foreininga.

Øvste leiar i laget er Ingebjørg Winjum og dagleg leiar er Margrethe Alm. Me er alltid takksame for tips, innspel og nye idéar.

Årstider er gull! Tenk så heldige me er som får oppleva alt det vakre med dei ulike årstidene våre.



Hausten er finast til fjells. Foto: Audun Hellevang



Seniorgruppa på veg til Vending. Foto: Geir Henrik Styve



Minimarsjen er komen for å bli. Foto: Frøydis Ormåsen Heradstveit



Nansenbu er ferdig **ETTER STOR UTBETRING**

Tekst: Margrethe Alm

Hytta, som vart gjeven som ei gâve til Voss Utferdslag i 2018, har denne sumaren fått nytt fundament, tilbygg og ei ny flott naudbu.

Me skal prøva å fatta oss i korheit. I 2019, like etter ferdigstillinga av hytta, vart det registrert at hytta hadde byrja å sige. Fleire fagfolk tok turen til Nansenbu og vurderte grunnen som hytta stod på. Konklusjonen var at hytta var uheldig plassert på ei myr.

I tillegg til uheldige grunntilhøve var det utfordringar med store snømassar ved inngangsdøra og utedoen på nordsida av hytta. Kvar vinter var både inngangsdør og utedo heilt snødd ned, og turgårar måtte vera budde på å grava i fleire timer for å koma seg inn i hytta.

Me hadde altså to store utfordringar, og det byrja å hasta med å få på plass varige løysingar. Nedste del av kledninga stod på

bakken og det var 23 cm fall frå nordsida av hytta til sørsida.

I oktober 2022, i samband med ein dugnad på hytta, gjennomførte Henning Bystøl Gladheim og Sigbjørn Bystøl målingar av soylepunktene for hytta. For tre av hjørna vart det målt 2-3 meter ned til fast masse. Hjørnet som vender mot sør-vest hadde ein ikkje langt nok utstyr til å måla djupna.



Torfinn (7 år) var med på Nansenbu i om lag tre veker. Foto: Margrethe Alm



Bjørg Tøn Bystøl, Sigbjørn Bystøl, Jann Halle Strømmen, Torfinn Bystøl Gladheim og Henning Bystøl Gladheim



Dei fann fast grunn kring 3,2 meter på den mest utfordrande sida.
Foto: Margrethe Alm



Stova er like koseleg som før.

Foto: Margrethe Alm

Det djupaste hjørnet var definitivt ei utfordring, men Sigbjørn likar utfordringar og hadde trua på at dei kunne gjennomføra tiltak som ville redda hytta der ho stod. Han fekk med seg Ekehaug Maskin og pensjonert sivilarkitekt Sigbjørn Dugstad. Me trengte òg ein snikkar og Eivind Nornes sitt namn kom på bordet. Eivind likar seg til fjells og takka fort ja til oppdraget.

Ballen byrja å rulla og Dugstad laga teikningar for eit nytt tilbygg på hovudhytta med inngangsdør på sørsida, samt nytt vedhus med utedo, som også kan nyttast som naudbu. Dugstad hjelpte òg med dispensasjonssøknaden, samt få på plass byggjeløyve.

Paul Christian Rieber, som gav oss hytta i 2018, vart orientert om planane og var på nytt svært raus med å støtta dette prosjektet med ei ramme på inn til 1,5 millionar kr. I dette låg det òg ei forventning om god drenering kring steinbua, som ligg attmed Nansenbu.

Planane vart vedteke på årsmøtet til Voss Utferdsdag i februar 2023, og 15. juni 2023 drog Jann Halle Strømmen frå Ekehaug Maskin, Sigbjørn Bystøl, Henning Bystøl Gladheim, Torfinn Bystøl Gladheim (7 år) og Bjørg Tøn Bystøl til fjells. Dei ville starta med den mest utfordrande sida. Dersom dei kom ned på fast grunn på den sida, ville prosjektet gå som planlagd. Gjett om me var spente på den første rapporten frå Nansenbu! Det var feststemning på Voss Utferdsdag sitt kontor då me fekk meldinga om at dette ville gå.

Nokre var der i nesten fire veker og nokre i tre. Det vart lange arbeidsdagar i krevjande forhold. Heldigvis hadde Bjørg stålkontroll



God morgen frå Nansenbu. Foto: Margrethe Alm



Eirik Brekke Nornes i aksjon.
Foto: Margrethe Alm



Ny etterlengta gang på Nansenbu.
Foto: Margrethe Alm

på maten og karane la seg mette og nøgde kvar einaste kveld. I tillegg til graving, fundamentering på fast grunn og heving/ oppretting av hytta fekk dei på plass ei ny flott steinbru over groa, samt laga verdas finaste badekulp.

I starten av juli kom Eivind Nornes og sonen Eirik Brekke Nornes opp. Ein god arbeidsgjeng vart bytt ut med ein ny kremduo. For alle som hugsar korleis juli var her på Vestlandet, kan me konkludera med at forholda ikkje vart lettare for desse arbeidskarane. I fire veker jobba dei lange dagar med litt fisking innimellan og 2. august var dei ferdige med arbeidet.

I etterkant har det vore diverse duggnadar på hytta. Det er mellom anna lagt steinheller rundt hovudhytta og naudbua, og hyttestyret på Nansenbu har laga knagger og benk i gangen. No treng du ikkje lenger gå rett inn på kjøkkenet, men kan henga frå deg både sekk og ytterkle i den funksjonelle gangen.

Me vonar mange har lyst til å ta turen til Nansenbu i åra frametter - ho er klar for besøk frå dykk.

Velkommen til fjells!



Ny naudbu og steinbru over groa.
Foto: Åsta Birkeland



Steinbua, som Reinsdyrlaget eig, ligg rett attmed hytta. Foto: Åsta Birkeland

ME VIL TAKKA FYLGJANDE:

Finansiering

- Pelichan AS ved Paul Christian Rieber

Fundamenteringsarbeid

- Sigbjørn Bystøl
- Henning Bystøl Gladheim
- Torfinn Bystøl Gladheim (7 år)

Kokk

- Bjørg Tøn Bystøl

Arkitekt

- Sigbjørn Dugstad

Ekehaug Maskin (gravearbeid)

- Jann Halle Strømmen
- Øyvind Dyrdal

Snikkarar

- Eivind Nornes
- Eirik Brekke Nornes

Koordinering av helikoptertransport

- Voss Energi: Yngve Tranøy

Stor takk til heile hyttestyret
på Nansenbu



NORSK BUNADSØLV
SILVER
HANDVERK FRÅ VOSS

Stolt berar av norske tradisjonar

I meir enn
80 år har Sylvs midja
laga bunadsølv på Voss.

Det blenkjande bunadsølet
frå Sylvs midja skal syna at me
er ein stolt berar av norske
tradisjonar.

sylvs midja 1940

For dei minste

I Myrkdalen er det kjekt å vera liten.
Her kan borna boltra seg med kjekke
aktivitetar med og utan ski.

HJÅ MYRDALEN FÅR DU:

- Lang og snørik sesong
- Vestlandet sitt største parkområde
- Stort barneområde med spennande nyheiter

MOROSAME AKTIVITETAR

Me tilbyr eit mangfold av aktivitetar for alle.
Bli med på langrennskurs, hundekøring,
aketur, kanefart, barneskirenn, topptur
- og mykje meir

myrkdalen.no



MORO FOR BORNA

Barneskirenn og langrennskarusell med premieutdeling, BaseCamp og mykje meir. Kvar helg og i feriane - jul, vinter og påske.



OVERNATTING

Vakn opp utkvilt på Myrkdalen Hotel med utsikt til nypreppa løyper. Vintereventyret ventar på dykk etter ein god frukost.



MAT & DRIKKE

Vel mellom 8 ulike serveringsstader. Pizza i Tunet er eit must. Skikøyrar-sandwich i Myrkdalsstovo er populær, og den beste kaffien får du i Kamben Kafé og Bar.

Part of
Norway's™
best..



Astrid likar seg best til fjells. Både sumar og vinter. Foto Kari Johanna Soldal



Siste klypp i boka! Foto Kari Johanna Soldal

ASTRID SÅKVITNE

Eg møter Astrid på kontoret ein typisk haustdag på Vestlandet. Ute er det vått og grått, men Astrid sitt blide og gode åsyn gjev varme i rommet. Astrid har nett vore på trening og skal vidare opp i Kapellankåken seinare på dagen. Eg smiler for meg sjølv og tenkjer at slik skal eg òg verta når eg vert stor. Eg gler meg til å prata med Astrid – om oppveksten, livet og engasjementet i Voss Utferdsdag.

Tekst: Margrethe Alm

Astrid vart fødd i 1950 i Granvin, og vaks opp på garden Nesheim saman med fire sysken. Faren, som kom frå Hafslø i Sogn, kjøpte garden i 1934 og her hadde dei både mjølkeproduksjon og sauehald.

Aktiv stølsdrift på Horgastølen

Interessa for stølar starta tidleg for Astrid. På Horgastølen hadde dei aktiv stølsdrift og kvar sumar frå Astrid var 3 til 13 år var ho med bestemora og hjelpte til. Det var mykje arbeid, men ho fann alltid tid til å gå turar i nærværen med hunden Lassi, ein trufast og god ven i oppveksten hennar. «Det er desse sumrane som har gjeve meg ein sterk kjærleik for naturen. Eg fekk rett og slett fjellbasillen», seier Astrid.

Ein trufast arbeidstakar

Etter grunnskulen gjekk Astrid på Handelskulen på Vatle og 1. april 1968, året ho fylte 18 år, starta ho i jobb på Apoteket på Voss. Her vart ho verande heilt til ho pensjonerte seg, 67 år gammal.

Kva med kjærleiken, undrar eg. «Eg trengte ikkje reisa langt», svarar Astrid, med eit smil om munnen. Arild kom òg frå Granvin og han trefte eg allereie i ungdomstida. Saman fekk dei to søner og no har flokken vorte utvida med åtte barneborn og to oldeborn.

Mykje moro på Grindaflethytta

Astrid hadde vore med på ein del turar med Utferdslaget, men det var først i 2010, etter at mannen gjekk bort, at ho byrja å engasjera seg. Fyrst fekk ho spørsmål om å vera turleiar, og ho takka ja til oppdraget. Det har vorte mange turar for både seniorgruppa og sundagsturgruppa. Når ho får spørsmål om favorittfjell, kjem det kjapt og kontant: «Nesheimsfjellet!»

I 2011 vart ho vald inn i hyttestyret på Grindaflethytta. Ho hadde nett bytt ut eit kne, og var skeptisk til å ta på seg oppgåva med den lange anmarsjen til hytta. Det gjør



↑ Astrid sit framme. Bak står syskena Ragna, Olav og Karen. Yngstemann Jan var ikkje fødd.. Foto Privat

ikkje noko, det kjem til å gå seg til, fekk ho til svar. Og det gjekk seg til, minnest ho. I hyttestyret har det vorte mange turar til hytta, både sumar og vinter.

«Me har kvista løyper, teke inn og ut bruene, vaska og ordna. Men dugnadsarbeid er rett og slett utruleg kjekt, særleg når ein er ein god gjeng», seier Astrid. «Eg er takksam for alle dei gode minna eg har med resten av hyttestyret», legg ho til.

Hjartebarnet

Dei aller fleste som bur på Voss har høyrð om stølsturane til Voss Utferdsdag. Dette populære konseptet såg dagens ljós i 2015, og sidan den gong har over 100 000 skrive seg inn i bøkene på stølsturane. Det ikkje like mange veit er at Astrid var initiativtakar til dette prosjektet.

Astrid var på tur med Kirsti Haugsgjerd i Ulvik i 2013. Dei hadde eit tilsvarande konsept, men her fekk ein berre namn på stølane, ikkje noko meir. Astrid og Kirsti vart inspirert av nabokommunen, snakka om alle dei flotte stølane me har i bygda vår, og vart samde om at stølsturar måtte me jo ha på Voss òg! «Me klarte nesten ikkje venta med å leggja det fram for styret i Voss Utferdsdag». Dei fekk eit einstemmig ja, og det vart sett ned ei gruppe som skulle jobba med prosjektet. I 2015 kom det første stølsturheftet ut, med skildring og kart over femten varierte og flotte turar. «Barndomsparkadiset mitt, Horgastølen i Middalen, var sjølv sagt med. Eg ville jo at mange skulle få oppleva dette flotte området», seier Astrid.



Ei aktiv dame! Foto Kari Johanna Soldal



Pust i bakken. Foto Kari Johanna Soldal



Stølsturane er hjartebarnet til Astrid. Foto Kari Johanna Soldal



Dugnad er kjekt! Foto Kari Johanna Soldal

Arbeidet som stølsturgruppa legg ned er omfattande og det er mykje dei må tenkja gjennom. Turane skal vera spreidde rundt i heradet, dei skal vera varierte og ikkje for vanskelege. Ein ynskjer at flest mogleg skal koma seg ut og oppdaga flotte perler i nærværende vår. «Dei finaste attendemeldingane eg får frå folk er at med stølsturane får dei oppleva nye stiar og flotte område, som dei aldri elles ville ha gått. Det er kjekt å tenkja på at folk set pris på det som er nært. På naturen vår, dei gamle stølshusa og historia vår», seier Astrid tankefull.

Gruppa som jobbar med stølsturane går òg opp turane, kontaktar grunneigarar, skriv turkildringar og tek bilete, merkar stiane, set opp og tek ned postkassene, har tilsyn heile sumaren, lagar statistikk og ordnar trekkepremier. Lista er lang og alt vert gjort på dugnad! Men Astrid, som har vore med i alle år, har framleis pågangsmot og engasjement.

«Til neste år har me tiårs-jubileum, og det må jo markeras», seier Astrid entusiastisk. Eg prøver å lokka ut av henne kva planane er. «Eg vil ikkje røpa for mykje», seier Astrid før ho tek på seg jakka og går vidare til neste dugnadsprosjekt: Kapellankåken.

Eg sit att og tenkjer: For ei dame! Eg må senda ho ein ekstra takk når eg går stølsturane med borna neste sumar. Det vonar eg i grunnen at alle gjer.

Ei hyllest til dei friviljuge i **VOSS UTFERDSLAG**



Tekst: Margrethe Alm

Åtte hytter, med kvart sitt særpreg
I sommar eg vitja dei, steg for steg
Eg naut og eg tok inn både fjell og fjord
Og kjende på takksemd for moder jord

Eg kjende på takksemd for engasjement
Som hyttestyra viser gong på gong
De vøler og ordnar, får alt til å skine
De legg til rette for gode minne

Og turen den startar med bokstaven T
Den finn du på grunn av ein vardekomité
De merkar og ryddar, jobben er stor
Her er det trygt i fjella, for både
syster og bror

Frileiken lever, det gjer meg så glad
I Borna sitt Turlag finn magien stad
For leiken gjev oss meir enn me trur
Problemløsing og kreativitet,
den gjer deg so lur


Seniorgruppa er stor og robust
Her finn du ein kremgjeng klare til dyst
På ski og til fots, dei har mange turar
For alle nivå om det er nokon som lurar

På Opttur får ungdommane ein smokebit
På kva som gjer friluftslivet skikkeleg fint
Og etterpå kan du i Hangoren sjå
Bileta frå turen dei har vore på

De jobbar på, frå stol til stol
Turane kjem ikkje av seg sjølv
Og Vossingane er like spente kvar gong
Kvar går stolsturane i år, vert det ein på Rong?

Sundagsturane er eit varemerke
For Utferdslaget vel og merke
I årevis har turleiarane fått oss ut
Til perler og skattar, fjell og nut

Til slutt vil eg takka styret mitt
Som valnemnda har fått inn litt etter litt
De støttar, de diskuterer og vil oss vel
Har tolmod, struktur og mykje tæl.



Voss Resort



18 km med sentrumsnære langrennsløyper i høgfjellsterreng

Ynskjer du deg ei fin turoppleveling med barna eller ei herleg treningsøkt? Frå Hangurstoppen kan du gå rett ut i småkuperte og familievennlege løyper med panoramautsikt til Vossafjella. Voss Gondol fraktar deg enkelt opp og ned.

Langrennskort (sesongkort Voss Gondol): frå kr. 2100,-

Ditt lokale
treningscenter
på Voss!

Kom innom oss i våre bemanna
åpningstider for å få ein
gratis prøvetime. Velkommen!

nr1 fitness

www.nr1fitness.no



FRIIDROTTSGRUPPA

Friidrett er ein flott heilårsaktivitet. Du kan delta på organiserte treningar, eller berre snøra på deg joggesko og ta deg ein tur aleine. Om sommaren har me trening på idrettsplassen, og om vinteren i idrettshallen og Vangen skule. Les om tilbodet på heimesida vår: www.vossil.no/friidrett.

Ein variert idrett med tilbod til dei fleste

Noko av det fine med friidrett er at han er så variert. Samstundes som du får prøva deg i ulike øvingar, kan du trenar litt ekstra i dei øvingane du finn mest glede med.

Utandørssesongen startar i april med fellestreningar på idrettsplassen kvar måndag og onsdag fram til oktober. Me har trenarar i både løp, hopp og kast – så uansett kva øving du vil trenar mest i, vil du få god hjelp.

Stemne

I sesongen arrangerer me med jamne mellomrom stemne på idrettsplassen – oftast seks i løpet av sesongen. I tillegg har me tilbod om å reisa på fleire stemne utanfor Voss. Vossaton løpsfestival arrangerer me saman med FBK Voss.

Mange gode resultat i sesongen

Mariell Hetlesæter Morken, 20 år, har hatt ein flott sesong i kulestøyt, med gull i både senior-NM og junior-NM og sølvmedalje i innandørs NM. Mariell har også delteke på landslaget i friidrett i år. Elles var Isa Brandseth Norbakk med på krinslaget til Hordaland på Lærøyleikane. Gard Hestvik Furnes, Peder Andresen og Skage Ringheim-Helgaset gjorde alle ein flott innsats i ungdomsmeisterskapen og var alle mellom dei beste i klassen sin. Gard fekk sølvmedalje i kulestøyt. Blant dei litt yngre har Maria og Sara Istad Kristiansen konkurrert flittig og med mange flotte resultat. I KM vart det fleire medaljar til Voss IL. Alt i alt – ein sesong med mange gode resultat.

Velkommen til treningane våre!



Gull i NM



Medaljefangst i KM



Eit o-løp er ikkje ferdig før ein har diskutert vegvalet (Kvålsåsen 2016)

ORIENTERINGSGRUPPA 75 ÅR: 1948–2023

Det har vore godt oppmøte på aktivitetane våre gjennom heile sesongen, frå midten av april til starten av oktober. Orientering er ein aktivitet som passar for heile familien, og det ser me at stadig fleire har oppdagat.

Tekst: Marianne Bakketun

I 2023 feirar orienteringsgruppa 75-års jubileum, og det har me markert både på treningar og løp. Feiringa vart avslutta med jubileumsfest 21. oktober der Marianne Bakketun på ein meisterleg måte samanfatta historia til gruppa med følgjande strofer:

Det starta forsiktig med nokre løp i nittenførtiått, løypene var lange og kartet grått og smått. Lite detaljar i målestokk på ein til tjuefemtusen, men loparane fann fram dei, så dette gjorde susen.

Gruppa vart så skipa, og arrangementa stod i kø, lokale og nasjonale løp, ja til og med på snø. Vossingane vart gode og hevda seg litt om litt, dei storma gjennom skog og myr med raske skritt.

Skyssen til løpa var med tog, sykkel eller bil, avreis tidleg morgen og køyring mange mil. Løyper langt uti skogen med postar nokre få, og såleis fekk dei fleste heile dagen til å gå.

Dansar i Hallen skulle gi gruppa pengar i kassa, litt kom det inn, men aldri slik at ein i rikdom vassa. NM langdistanse i syttiåtte vart ein kjempeseksess, Gular stod som arrangør i eit vossaterreng i sitt ess.

Voss-O-åttito med mange nasjonar på start, tre gode kart i terrenget perfekt for stor fart. Lokale jenter og gutter dei snuste på teten, her dukka det opp den eine og andre kometen.

O-sporten vart svært populær her på Voss, Viljar og Ørnar laga også løyper for oss. I nittennittisju var så Ørnar si gruppe ute, tre år seinare var Viljar «snipp snapp snute».

O-jogg og Postplukk, Stifinnar og Fart med kart, interessa var stor, med mange unge og eldre til start. Kva skjedde med Tur-O, som var så populært? det dabba litt av, vart det for vanskeleg og sært?



Vossagampen 2009 med Håvard Skattum i teten (t.v. i kvit trøye)



Det har vore godt oppmøte på O-tilstellingar gjennom heile sesongen i 2023



Nordvestgaloppen i 1987 trakk mange deltagarar (her på Børmoen)



Klare til start på Vossacup ca. 1990.

Nattløp var moro med ljós frå lommelykt, men ikkje alle følte at dette var så trygt. Hovudlykt i panna som tusen lumen sende, var smart å ha for å konkurrentane blende.

Voss-O nitti vart eit digert arrangement, med løyper og terregn av topp sortiment. Verdsocup og norgescup med O-sportens elite, publikum kunne også gjennom løypene slite.

Parkeringsplassen på E-sekstan var litt spesielt, bilane stod i både høgre og venstre felt. Vegen var ikkje opna, han stod der så tom, fint det, når heile syttenhundre løparar kom.

Bruk av EKT laga store overskrifter i pressa, mange hylla det nye, medan andre vart stressa. Voss hengde seg på og gjorde grundig testing, vart nytta på NM veteran med gode løp og litt festing.

Skottland og England har freista med løp der i vest, då dei fyrste drog ut, gjorde dei det slett ikkje verst. Mange fylgte etter og det vart som ein tradisjon, det året me var sekstan, var me nesten som ein invasjon.

Vossingane har farta ein del – og Danmark er ikkje flatt, løyper gjennom tjukke skogar og overraskande bratt. Me har vore mange på bussreiser til VM for veteran, med overnattingar på alt frå slott til hytte med divan.

Tjøring av Finnesloftet gav også pengar i kassa, loftet trengde eit strøk, for veggene flassa. Stigane var høge og tjøra tjukna så altfor fort, her måtte ein vera rask skulle jobben verta gjort.

Vossagampen vart vel både elska og hata? Lange løyper med målgang hjå Sigurd borti gata. No heiter det Fjelløp og er ikkje så altfor langt, fellesstarten er borte, men vegvalet like vrangt?



Hanna og Elisa er med på barne-Tur-O (2014)

Barne-Tur-O og Nærtrim var kjekt for dei små,
korte strekk mellom postane, ofte lette å sjå.
No er det appen med Stolpejakt som er på topp,
skanne stolpar over heile landet er blitt så pop.

O-gruppa er lita, men alle jobbar så godt i lag,
arrangør for galoppar, Fjord-O og Verdas O-dag.
Finn Fram-dagen er fin for familiar med born,
på jakt etter postar og kanskje ser ein eit ekorn?

Då Koronaen kom vart folk hysteriske og redde,
men skogen var trygg, her vart ikkje virus spreidde.
Avstand var viktig med ubemannna løyper kvar veke,
spriting og vasking og jammen vart me spreke!

Orientering er for alle så lenge ein kan gå,
gle seg over meistring og helst naboen slå!
Slagordet til sporten er «Vilt, vakkert og rått»,
men det er vel inga tvil om at det ofte er litt vått.

I skrivande stund er det slutt på løpa for i år,
no må me lade opp til nye duellar frå neste vår.
Kvar torsdag kan me møtast til trening og drøs,
i både solskinn og turke eller skikkeleg øs pøs.

Til lukke med jubileet, røynde eldre og lovande unge,
de har vel alle eit x antal O-løp i skogane sprunge?
No hevar me glasa og skålar for oss, gruppa og laget,
festen kan starta, no slappar me av og gløymer jaget.



*Det var mange born med på orientering i 2009.
Er det nokon som dreg kjensel på seg sjølv?*



*Toralf, Thomas og Vemund pakkar postskjermar etter
Nordvestgalloppen 1987*

Utmerkingar 2023

Dette året er det to personar tilknytt orientering som har fått tildelt utmerkingar i Voss IL. Jan Frode Seim fekk tildelt dugnadspokalen på årsmøtet i mars, og Knut Skiple fekk tildelt heidersmerket på jubileumsfesten i oktober.

Jan Frode Seim har gjort mykje godt arbeid i kartnemnda gjennom fleire år, og ikkje minst lagt ned mykje arbeid med Bømoløypa. Han har og vore ein habil o-løpar. Knut har vore ein nykelperson i samband med aktivitetane til gruppa. Han har mellom anna hatt ansvar for oppdatering og ajourføring av kart og resultatlister.

Me gratulerer Jan Frode med dugnadspokalen og Knut med heidersmedaljen, og takkar begge for stor innsats i laget.

Tekst: Rune Herheim



Utdeling pokalar, Jan Frode, Foto: Tore Tvilde




Utdeling heidersmedalje, Knut Skiple, Foto: Marianne Bakketun



Uansett ambisjonar - me er ein god medspelar

VB Vekselbanken
– ein god medspelar –



vekselbanken.no

ALPINGRUPPA

Voss Alpin er eit samarbeid mellom Voss IL Alpin og IL Ørnar Alpin. Voss Alpin gruppa tilbyr skitrening til barn frå 6 års alder og me trenar i Storslalåmløypa i Bavallen Voss Resort.

Treninger:

Sesongen 2022/23 hadde me mykje bra skikøyring både på kveldstrenings og treningane i helgane. Om hausten trena rekruttane (6-10 år) i basishallen på Voss Gymnas på onsdagar. Når snøen kom var det skitrening på torsdag i område som heiter Myra i Storslalåmløypa. U12-U16 hadde varierte barmarkstrenings både innandørs på Gymnaset og utandørs på idrettsplassen. I skisesongen var det trening tysdag, torsdag og ofte i helgane. Nokre av rekruttane som ville, fekk moglegheita å vera med på trening med dei «store». Det e alltid kjekt å ha nokon å sjå opp til.

Rekruttane øver på grunnleggjande skiteknikk gjennom skileik og portkøring. U12-U16 trenar teknikk i slalåm eller storslalåm, og av og til får ein òg hove til fartstrenings. Til vinteren vert det igjen trening tysdag/torsdag for aldersbestemt og torsdag for rekruttane.

Renn:

Førre sesong hadde me renn både for små og store. I januar vart det arrangert Skisprell i Badnakrokjen. Skisprell er ei felles ny nemning for rekruttaktivitetar i alle NSF sine greiner for born opp til 13 år. Skisprell er ope arrangement for alle barn som har lyst å prøva seg å køyra ei enkel løypa.

Bavallsrennet - krinsmeisterskapen vart òg gjennomført i januar. Det er alltid kjekt å køyra renn saman med andre frå krinsen. Her får både rekruttane og U12-U16 målt ferdigheitene sine. For å vera med på Bavallsrennet må ein vera medlem i Voss Alpin eller anna idrettslag.

I mars hadde Voss Alpin glede av å invitera FIS løparar frå ulike nasjonar til FIS-renn i Bavallen.

Sesongen vart avslutta med Vossameisterskapen 2. påskedag. Det vart skikøring, utdeling av pokalar, grilling og kaker og generelt god stemning.

Me gler oss til ny skisesong med mykje skitrening og renn. I tillegg til dei årlege meisterskapane, skal NM Masters Alpint 2024 arrangerast på Voss. Løparar frå 17 år og oppover er hjarteleg velkomne til å delta på NM Masters i Alpint i Voss Resort 14.-17. mars 2024.

Velkommen til treningane våre i Bavallen!



Velfortjent pause mellom treningsøktene



Felix Westgaard og Martin Seim-Haugen fått medalje i KM i Eikedalen




Sofie Aspnes og Louise Westgaard



Pokalvinnere i Vossameisterskapet



Skisprell



Kveldstrening i Bavallen



Skisprell - alle får medalje



Slalåm trening på Myra



Myrkdalsfart – fartsamling i Myrdalen

Skibutikken på Voss

**Stort utval i
alpint - randonee- nordisk**



Ekte sportsbutikk!

Sporten Voss

- med kunden i sentrum
AMFI Voss • tlf. 56 53 06 10



Kanskje ein av dei trivelegaste
plassane å ha kontor på Voss!

**Regimentsvegen 158 AS,
Skigutane på Tvildemoen.**

 **VOSS**
TRAFIKKSKULE A/S

www.vosstrafikkskule.no

Lekvemoen 7, 5705 Voss • Telefon: 56 51 00 40
www.vosstrafikkskule.no • post@vosstrafikkskule.no

BIL (B/BE)
TRAKTOR (T)
MC (A/A1/A2)
MOPED (M146)

SKYFITNESS

**JOLE
TILBOD**

GJE DEG SJØLV DEN
BESTE GÅVA

KUN **399**/MND

STUDENT 349,-/MND
INGEN BINDING
DØGNOPE

Ved innmelding får du ei gåvepakke for å
kickstarte treninga
-Time med personlig trenar
-Helse test
-Skysekk og drikkeflaske

Bli medlem på www.skyfitness.no



**VOSS
KIROPRAKTOR
KONTOR**

www.vosskiropaktorkontor.no
Tlf: 56 51 17 55 • Stallgata 10 • 5700 Voss



TM

Vangen Autosenter A/S

Ultragata 29, 5700 Voss

Tlf. 56 51 26 25

Brødvarer
Storkiosk
RekvesitaBil-vaskemaskin
Kommissjonær for:
Tipping/ Rikstoto*Lokalavisa nær deg!*
avisa-hordaland.no

MOTOR SERVICE BILSENTER

www.msbil.no | post@msbil.no

Istadvegen 9, 5709 Voss

3.generasjon med
god synshelse
som fokus.

1922-2022

Vi lytter til øynene dine

**alliance***

OPTIKK

Alf Opheim Optikk

56 51 15 02

Vangsgata 30, 5700 Voss

www.opheim.no

Accountor Voss - Økonomisenteret Voss AS

Autorisert rekneskapsførarselskap - medlem av NARF

Vangsgata 29 - 5700 Voss

Tlf. 56 53 04 00 - www.accountor.no**a+**
vossaelektrikar
elfag**Molster Installasjon AS**Tlf. 56 52 96 00 • www.molster.no • inst@molster.no



Glade jenter etter å ha gjennomført Ørnarstafetten. Sofie, Astrid og Anna.

NORDISK

sesongen 22/23

Nordisk har denne sesongen, som tidlegare år, hatt treningar tysdagar for 1.-6. klasse. Fram til det vart skiføre var det barmark ute med Vangen skule som base. Når skiføret kom var det i tillegg treningar torsdagar for 4.-6. klasse. Treningane har fokus på skileik, og 4.-6. klasse har både fri teknikk og klassisk teknikk. På ski har me felles trening med dei andre eigarlagå i Voss Ski- og Tursenter. Takk til alle som bidreg på treningane!

Me merkar ein liten nedgang i oppmøte på treningane, ein trend som byrja etter covid-19, og har halde fram vidare. Årsakene er nok fleire, men det lyt jobbast vidare med rekruttering både av born og vaksne. Det er plass til mange fleire både på treningar og renn!

Dei som er 13 år og eldre har treningar i regi av Vossalangrenn. Vossalangrenn har eit godt opplegg for ungdomar på Voss som ynskjer å trena langrenn.

Snøen kom i løpet av desember, og det var ein betre snovinter enn førre år. Krinsrenn vart jamleg arrangert, med mange deltagarar frå Voss IL.

Voss IL arrangerte tre krinsrenn: Sparebankrennet i desember og Vestlandske Skistemna og Parkrennet i mars. Parkrennet var òg Vestlandsmeisterskap. I tillegg vart det arrangert noregscuprenn for junior i Voss ski- og tursenter i februar, med eigarlagå som arrangør. Voss IL bidrog i stor grad, med rennleiar Arstein Aas i spissen. Dette er eit stort arrangement, med nesten 1000 deltagarar i alderen 17-20 år.

Løparar frå Voss IL reiste òg på skirenn utanfor Hordaland: Ungdommens Holmenkollrenn, Hovudlandsrennet og norgescup for junior og senior. Fleire oppnådde gode resultat.

For seniorane hadde Sjur Røthe ein god sesong i år òg, og oppnådde nok ein medalje i VM med bronsemedalje på 30 km skiatlon. Vebjørn Turtveit oppnådde òg særskilt gode resultat, mellom anna 4. plass på NM 15 km fri teknikk, like før Sjur på 5. plass. I NM stafett blei herrelaget til Voss IL med Erling Fagerbakke Fosse, Vebjørn Turtveit og Sjur Røthe nummer 8.

Me ser fram til skisesongen, med vonleg stabile og gode snøtilhøve!




Håkon går mot ei god plassering i Hovudlandsrennet.



Anna i flott diagonalgang i Hovudlandsrennet.

Kjempefin tur til **HOLMENKOLLEN**



Sigrid i fint driv på skøyterennet på søndagen.



Ane, Anna, Sigrid og Synva klare for renn.

Me reiste alle fira frå Voss med tog til Oslo. Når me kom til Oslo tok me minibuss opp til Scandic Holmenkollen. Seinare på dagen reiste me til skiløypene i Holmenkollen, for å sjekke korleis dei var. Skiløypene der var litt tøffare enn på Voss, men føret var fint denne gongen i motsetning til i fjor.

Me er heldige som har så fine og nypreppa løyper her på Voss. Om kvelden var alle samla og me såg på Mesterens mester på eit av hotellromma våre. Neste dag vakna me spente og nervøse. Rennet me skulle gå var jo eit av dei viktigaste renna i løpet av sesongen, sidan me kunne samanlikna oss med "resten av Norge". Voss hadde med seg eigne smørjarar, så då me kom til stadion var det berre å byrja med å testa ski. Etter me hadde gått rennet var alle svært nøgde med eigen prestasjon.

Seinare på dagen reiste me ned til byen og shoppa litt. Om kvelden tok me det roleg, fordi me skulle ha eit til renn neste dag. Då me vakna sundag morgen var me nesten litt meir nervøse enn førre morgen. I dag skulle me gå skøyting. Me kom til stadion i Holmenkollen og begynte å varma litt opp. Denne dagen var det strålende sol, og framleis fine løyper. Me gjekk rennet, og det gjekk ganske bra for alle denne dagen også. Løypene var bratte og det var bråe svingar.

Då me kom attende til hotellet var det berre å pakka sakene våre. Me reiste med minibussar ned til Oslo S., og me måtte ein liten tur innom Burger King også. Toget me skulle ta heim var presist. Klokka halv elleve om kvelden kom me heim, og me hadde hatt ein kjempefin tur.

Helsing Ane, Sigrid, Anna og Synva



FARGERIKE

Garantert bra sluttresultat

Tvilde Fargehandel

5700 Voss, Tlf. 56 52 31 00

REMA 1000

Skulestadmo



ELKJØP >

Les mer om årets
kjøkkentrender og se
hvor mye design du
kan få for pengene
på **Epoq.no**.

epoq
hos ELKJØP >

Elkjøp Voss AS
Strandavegen 335, 5710 Skulestadmo
Åpningstider 10.00-19.00 (16.00)

Tennisgruppa med **NYTT TILBOD!**

Utandørssesongen på tennisbanane var over i slutten av september. Det har vore god aktivitet og me fekk arrangert vår årlege tennisturnering Voss Open i år òg.

Sesongen har vore prega av mykje därleg vær som gjer dei gamle grusbanane våre uspelbare når det regnar mykje.

Det er difor med glede at tennisgruppa no kan tilby innandørs Padeltennis. Banen er plassert i kjølelageret på Meieribygget i Haugamoen. Padeltennis er ein av dei raskast veksande idrettane i verda, og me i tennisklubben er stolte av å kunne tilby dette til vossingane.

Padel er ein racketsport som kombinerer element frå tennis og squash. Dersom du er kjend med ein av idrettane vil du raskt kjenna deg att. Bana er utforma med veggar som i squash, men med nett som i tennis. Padel passar for alle i alle aldrar, er enkelt og ein opplever raskt meistring. Det er ein artig og sosial sport som vert spelt i double-format. Det vil seia at det er to spelarar på kvar sida.

Ynskjer du å prøva finn du meir informasjon om dette på heimesida til Voss IL under tennisgruppa eller på Facebook sida vår «Tennisgruppa Voss Idrettslag».

Mvh Styret



Vinnar av kvinneklassen i Voss open
Marthea Stokkebø



Padelbanen i Meieriet



Full fart i Padelhallen!



Vinnar av herreklassen i Voss Open Kåre Loven t.v. saman med medfinalist Andreas Krokstrand.

Voss IL

VOLLEYBALL

Eit år har gått sidan Voss IL Volleyballgruppa vart starta. Det har vore eit travelt år med mykje som skal på plass: midlar, lokale, trenarar, utstyr og medlemer! Det har vore ei bratt læringskurve, men me har fått god hjelp frå Tore Tvilde. Me er no godt i gang og har vorte ein god gjeng!

Målet vårt då me starta volleyballgruppa var å gje ungdom eit aktivitetstilbod som dei kan starta med som nybyrjar midt i ungdomstida. Laget har no omlag 50 medlemer, og det er stor aktivitet og god stemning på treningane. Nivået på medlemene varierer frå nybyrjar til vidarekomne, men treningane og oppgåver vert tilpassa ulike nivå. Me har òg ein gjeng som har planar om å ta spelet eit nivå høgare og er klar for å delta på cupar.

Pågangen av ungdommar i aldersgruppa 15-19 år som ynskjer å spela Volleyball har vore så stor i haust at me ikkje har hatt kapasitet til å ta i mot alle. Dette er svært synd, men me vonar problemet med nok

plass og treningslokale løyser seg over nyttår når hallkapasiteten vert betra med ny gymsal på ungdomskulen.

Jenter og gutar 15-19 år trenar to timer to kveldar i veka. I tillegg til desse faste treningane, som er for medlemer, har volleyballgruppa eit ope gratis lågterskel tilbod til alle ungdommar onsdagar kl. 20 på gymnaset. Desse volleyballkveldane er vorte ein viktig sosial møtestad for mange og det er ikkje uvanleg at det møter 30-40 ungdommar desse kveldane. Målet med onsdagsamlingane er å ha det kjekt saman og inkludera alle som ynskjer det. Hausten 2023 utvida me tilbodet vårt og starta ei nybyrjargruppe for jenter 13-15 år, i starten trenar denne gruppa ein ettermiddag i veka. Informasjon om gruppene og treningstider finn de på www.voss.friskus.com.

Me er mange, me har godt humør, me har det kjekt saman, me treng meir plass og me treng fleire trenarar. Noko for deg?



KONTAKTANNONSE

Me søker deg som har volleyballfaring, godt humør, likar ungdom og har litt ledig kapasitet!
Kan du tenkja deg å vera trenaren vår ein kveld eller to i veka?

Ta kontakt med Kristina på tlf. 91142633 for meir informasjon.

FAKTA OM volleyball

- Volleyball går ut på at to lag spelar på ein bane på 9 x 18 meter. Føremålet er å senda ballen over på motstandaren sin banehalvdel. Laget har tre berøringar før ballen må sendast attende. Viss ballen treff motstandaren sin banehalvdel eller dei slår ballen utanfor banen får laget ditt eit poeng.
- Det finst ulike måtar å spela volleyball på, men dei mest kjende er vanleg innandørs volleyball med seks på kvart lag og sandvolleyball der dei er to på kvart lag.



Handleglede!
ALT DU TRENG
STORT UTVAL OG GOD
PARKERINGSPLASS TIL ALLE

10-19 (18)
MENY 8-21 (20)



Hurtiglade-
stasjon



Bensin-
stasjon



2t gratis mot
P-billett



Hardangervegen 25
amfi.no/amfi-voss

AMFI Mykje å gle seg til. Altid.

*God
tur!*

skandinavisk
HØYFJELLSUTSTYR
www.shu.no • Tlf. 56 51 02 00 • Bergsliplass 2 • 5700 Voss



sigdal
Studio Sigdal Voss Brynalii 101 Tlf: 56 51 68 00



Voss Taxi

Tlf: (+47) 56 51 13 40

Maxi: (+47) 93 24 98 44

web: www.vosstaxi.no
e-mail: post@vosstaxi.no

Du kører trygt, med oss frå Voss!

Møbler og interiør

TeBe

interiør a/s



Tlf. 56 53 07 50
www.tebe.no

Åpningstider
man-Ons 09.00-17.00
Tors og Fre 09.00-19.00
Laurdag 10.00-16.00



Fin Borud

GALLERI – VERKSTAD

Stallgata 15

www.finborud.no

Åpne: ons, tors, fre 09.00 - 16.00

laurdag 11.00 - 15.00

Ta lappen med

Bonsaksen

Trafikkskule

MY'S®

Make Yourself Safer

www.mys.as

www.trafikkskulen.no



RINGHEIM KAFE



Tre Kokker Voss AS

Tlf. 56 51 13 65 - www.ringheimskafe.no

For kontakt:
Fysioterapeut
Gunn Marit Bergstrøm

 GMBaktivhelse

Tlf: 56 52 01 03

Mail: gunnmarit@gmbaktivhelse.no



ENCONAS

ENGROS & KONSULENTTENESTE

Telefon 56 52 09 20 - post@encon.no - Dalsmoen 5, 5709 Voss



Johs. E. Øvsthus A·S
BYGGMEISTERFIRMA

56 52 06 40 - www.ovsthus.no



MESTERHUS

BYGGERIET



NOBI ER ET LEDENDE BETONG- OG INDUSTRI-KONSERN

VI PRODUSERER OG LEVERER TJENESTER INNDELT I FEM VIRKSOMHETSOMRÅDER:



VANN OG AVLØP



BYGG



SAMFERDSEL



FERDIGBETONG OG SAND



HAGE, PARK OG GATE

NOBI

WWW.NOBI.NO

O.K. Loven

www.okloven.no

DAME- OG HERREKLEDE

Kortreist mote sidan 1921

Fylg oss på:

Velkomen til oss på Blomehjørna for ein hyggjeleg jolehandel!

- Blomane
 - Ljosa
 - Dekorasjonane
 - Pynten
- ... og jolehelsingane dine finn du hjå oss!

Ynskjer alle
ei god jol og
godt nyttår!



Blomehjørna

Ring oss på tlf: 56 51 12 85

E-post: blomehjorna.voss@interflora.no



Kontaktlinser?

Våre dyktige optikere hjelper deg i gang

trygt

behagelig

enkelt

SYNSENTERET

PB. 343, 5702 VOSS
TLF: 56 51 01 01

post@synsenteretvoss.no
www.synsenteretvoss.no



Vangsgata 42 - Tlf. 56 53 04 40
Mån-fre 09 - 17 - laur 10 - 15



Rådgjenvande ingeniørar innan
vasskraft og byggeteknikk.

Tlf: 57 69 85 80, E-post: post@bystol.no
www.bystol.no

STEIN (&) MERKE

Skilt i tre og stein
Vinyldekor - Gravsteinar

- Stein & Merke v/Per Vinje - 5701 Voss - Telefon 56 51 69 88 - 90 85 20 99 -



BILTUNET VOSS

www.biltunet.no - tlf. 56 52 07 00
Storrwiki 2 - 5710 Skulestadmo

HETLE SKO

Uttrågt. 40, 5700 Voss – Tlf. 56 51 15 51

Tannlækjar

Knut Bergo

Mobil: 41 62 91 17

Kontor

Vangsgata 35 - Tlf. 56 51 19 16



Alle dagar 13 - 22

Strandavegen 12 - 5700 Voss - Tlf. 56 51 37 00

L
LINDSTAD
BYGG

Rehabilitering og nybygg,
nærings og privat

Me er eit reint tømrarfirma med lang erfaring
og vid fagkunnskap.

Gjennom godt samarbeid med andre aktørar i bransjen på
Voss kan me vera hovudentreprenør - slik treng kunden
berre ha med eitt firma å gjera.

56 51 03 48 | post@lindstadbygg.no



Levert av:



YAMAHA TUNET

TORGILS

RONGVE

YAMAHA TUNET
Bordalsvegen 166, 5700 Voss
tlf. 41 55 27 62 post@yamahatunet.no www.yamahatunet.no



Smalahovetunet
- VOSS -

Tradisjonsmat & Festlokale
IVAR LØNE AS, 5710 SKULESTADMO
Tlf: 56 51 69 65, post@smalahovetunet.no
www.smalahovetunet.no

Einaste smalahoveprodusenten i landet



**Bra for deg,
bra for naturen**
Oppdag naturleg velvære

vossabia.no



VOSSEVANGEN BIL
SUBARU | SSANGYONG | MG

T: +47 56 52 14 00 | **M:** +47 91 55 48 71
liv@vossevangenbil.no | Strandavegen 19, 5705 Voss
www.vossevangenbil.no



YX Skulestadmo
Voss Trafikksenter A/S
Storrwiki 2, 5710 Skulestadmo

Me har mange sitteplasser inne, bilvaskemaskin, fastfood, kioskvarer, bakevarer og rekvisita.

Når du treng røyrleggjar



Brynaskogen 14, 5705 Voss
Tlf. 56 51 02 07 // firmapost@vossvvs.no




DE HISTORISKE



**DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP**
T: 56 52 05 00



Asta, Fredrik, Sigríð og Marie Fleischer

**DET ER NOE
MED FLEISCHER'S**

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.



**FLEISCHER'S
HOTEL**
ANNO
1864


56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

«Vi vet at et boligsalg er noe av det viktigste man gjør i livet.
Vi setter derfor alltid av god tid og tar ditt salg på alvor.
Resultatet vi oppnår henger alltid sammen med kvaliteten på
arbeidet vi gjør. Derfor overlater vi ingenting til tilfeldighetene.»

Vi finner den som setter størst pris på boligen din! Kontakt oss i dag for en gratis og uforpliktende verdivurdering av din bolig.

PROAKTIV
EIENDOMSMEGLING



Even Lindseth
Boligleder / Partner /
Møgle MNEF

Proaktiv.no
Proaktiv Voss
Vangsgata 16
Tlf. 55 82 10 50

MØBELRINGEN®

SKAPER TRIVSEL!

MØBELSENTERET VOSS

Vossabygg, 5700 Voss - Tlf. 56 51 09 60
Epost: post.voss@mobelringen.no

- WE NORWEGIANS -



- EVANGERVEGEN 3 - VOSS -

Alt innan
sport og fritid

ALPINT - TELEMARK - RACING
FJELL - OG FRIFLUFTAVDELING
VÅPENAVDELING - FISKE

I Vangsgata 40 har me Outlet med store avslag,
og avdeling med barneklær frå Nameit
I Uttrågata finn du trimutstyr, sykkel
og sykkelverkstad.



S. Endeve Sport

Vangsgata 40 og 47 og Uttrågata 21
Tlf. 56 51 11 19
endeve@endeve.no - www.endeve.no

LØNE MASKIN & TRANSPORT A.S.

5710 SKULESTADMO

MOBIL: 91 70 07 60

Graving
Sprenging

Vi tar jobben
grav-alvorlig

Transport
Snøbrøyting



DESIGN BY GISKE

www.designbygiske.no ~ 476 76 466 ~ post@gb-design.no

- ~ Logo & identitet
- ~ Merkevarebygging
- ~ Konsept & strategi
- ~ Marknadsføring
- ~ Trykksaker
- ~ Webdesign



Voss Hardanger

Vestlendingane si eiga miljøbedrift!

Få tips til å sortera rett på [sortere.no](#)

[birvh.no](#) | 56 52 99 00 | birvh@bir.no

Foto: Svein Urvand



O.L.KYTHE AS

entreprenør

O.L. Kythe AS

Postboks 260 - 5702 Voss

Telefon: 56 52 38 60

E-post: firmapost@kythe.no

HMV Bilsenter
HMV Maskin
HMV Servicestasjon

ME STØTTAR
LAGSLIVET PÅ VOSS

norli Vossevangen

Vangsgata 27, 5700 Voss - Telefon 56 51 11 16

www.norli.no/vossevangen

VOSS HELSE BUTIKK

Alt innan helse- og sjukepleieartiklar

Uttrågt. 41 // 5700 Voss // 56 51 38 50



Me er del av Norges største rekneskaps- og økonomigruppe og tilbyr tenester som dekkjer heile økonomifunksjonen. Me kan hjelpe deg med:

Rekneskap • Fakturering • Lønn • Årsoppgjør • Budsjett • Firmaetablering

For meir informasjon kontakt oss Azets Insight AS avd. Voss // Evangervegen 3, 5705 Voss // Tlf: 90 86 93 62 // www.azets.no



RSM

REVISJON | SKATT | RÅDGJEVING

www.rsmnorge.no

Miltzowsgata 2, 5700 Vossevangen

T: 56 52 04 00

Trimrommet

Tlf: 56 51 77 99 • Uttrågata 34, 5700 Voss



God på pris - God på service!

VOSS GASS AS

www.vossgass.no | 91 69 34 10



• propan • industriegass
• brennere • brennerutstyr
• hytte • camping • caravanutstyr
• solcelle • ventilator • 12V utstyr
• ovner • terassevarmere • peisbord
• gassutstyr • fittings • øl • cider utstyr
• grillutstyr • cinderella • toalettutstyr



www.hjemmegrill.no

Nybygg

BYGGMEISTER

Restaurering

David Gjøstein AS



Magasinvegen 25, 5705 Voss • mob. 917 62 609 • post@byggmester-dg.no • www.byggmester-dg.no

RAMMEVERKSTAD

STORT UTVAL - RASK LEVERING

-VOSS RAMMEFORRETNING-

Vangsgata 54, 5700 Voss, Tlf 56 51 17 21

VOSS TANNLEGESENTER

SVERRESPLESS 6 – 5700 VOSS – TLF. 56 52 14 98
POST@VOSSTANNLEGESENTER.NO – WWW.VOSSTANNLEGESENTER.NO



Bystøl Entreprenør as
Brynaskogen 24
5705 Voss

Grunn- og Betongarbeid

Har du byggeplanar – me tek på oss:

- Nybygg / Påbygg
- Gråstein / skifermuring
- Grunnarbeid
- betongarbeid



Mobiltnf.: 469 42 788
Kontortlf: 56 51 06 11

E-post: kontor@bystol-entr.no
Web: www.bystol-entreprenor.no



Logolink

Voss Fiber- tilskotet

Voss Fiber vil gje tilbake til bygda ved å støtta lokal frivillighet, idrett og kultur. Gjennom Voss Fiber-tilskotet kan privatkundar på ein enkel måte gje 300 kroner til eit lokalt lag eller ein organisasjon ein vil støtta.



Scan koden og les meir om Voss Fiber-tilskotet



Voss Fiber

- me set fart på bygda!

God TUR



Eit godt aktivitetstilbod krev eldsjeler.
Voss IL og Utferdslaget har mange.
Me er stolt sponsor!

 VOSS
SPAREBANK

www.vossabanken.no